

# BOKN BYGDÅBLAD

NR. 6 - JULI 1997 - ÅRG. 12



Fordeling av kulturmidlane 1997	s. 3
Lovforankring av musikkkulane	s. 4
Nytt i <i>Bokn!</i> : Bokn ride- og køyrekklubb	s. 6
Havbruk - fremtidens næring	s. 9
Glimt fra <i>Bokn!</i> : Kyrkja 100 år i 1947	s. 14
Firebruersløp med internasjonal deltaking	s. 19
<i>Stubbar og originale svar</i>	s. 20
Ordet fritt	s. 22

# GOD SOMMAR, LESARAR!

Arbeidet med dette juli-nr. av Bygdabladet har vore ei frys å gjera. Det er ingen sak for underteikna å ha permisjon i to veker når heile 15 stk. kjem med innlegg og artiklar til bladet! Og då er heller ikkje skuleelevar og intervjouobjekt medrekna. Med tanke på at fleire kommuneansatte jobbar med å få meir faste rutinar når det gjeld informasjon i bladet, lovar dette godt for Bokn sitt bygdablad framover. Ein spesiell takk til Bjørn Eirik Gundersen for innskriving av diverse stoff!

Når du har les dette nærmar det seg nok august. Trykkeriet i Tønsberg går nemleg med halv fart i juli p.g.a. ferieavvikling, og målet med å få bladet ut første veka i dei aktuelle månadene kan nok ikkje gjelda for juli. Dette har dessverre denne gong gått ut over dei som kunne tenkja seg å annonsera for aktivitetar dei første vekene i månaden. Eg reknar med at situasjonen blir noko anna for juli neste år.


Trykkeriet hadde også misforstått dette med utsending av blad til abonnentar forrige gong, derfor blei desse forsinka. Dette er no retta opp, og i følgje trykkeriet skal det ikkje skje igjen.

Som sagt er det veldig positivt med alle dei som skriv til bladet. Viss dei som skriv på PC kjem med stoffet sitt på diskett, er dette sjølv sagt ein stor fordel for oss som skal ta dette med i bladet. Dei fristane for innsending av stoff som står på side 31 er eit

utgangspunkt, og det lønner seg ofte å ta ein tlf. for å sjekka om du er for sein ute. Bruker du i tillegg diskett-metoden, er det store muligheter for at det også kjem med når du ynskjer det. Til dei som kjem med små privat-annonser, vennligst legg ved ein tier ved levering/sending. Tips for å få bladet betre tar kulturkontoret imot med takk.

Du har eit bygdablad i hendene med variert innhold, og forhåpentlegvis mykje godt lesestoff. Det du ikkje finn interessant, kan du ganske enkelt la vera å lesa. Men du har god tid, for Bokn Bygdablad kjem ikkje ut i august.

På vegne av alle kommuneansatte vil eg ynskja alle boknarar ein riktig god sommar!



- redaktør -

## I SLÅTTEN

No hjåen han syng på den saftige voll,  
og alle småblomane slær han i koll,  
og graset av roti han sopar.

Det gjeng seg så lett i den doggmjuke  
eng;

i skårane svingar seg dreng etter dreng  
og slær så or vegen! Det ropar.

Arne Garborg

# SOKNERÅDS VAL '97

I alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal det veljast nye sokneråd i oktober 1997.

I Bokn er det val 19. oktober, og valet blir i kyrkja rett etter gudstenesta.

Rett til å røyste har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som innan utgangen av 1997 vil ha fylt 18 år og ikkje er frådømd røysteretten i offentleggje saker.

For første gong vert eit eige kyrkjeleg

manntal lagt til grunn ved soknerådsvalet.

Det skal veljast 6 medlemmer og 5 varamedlemmer.

Soknerådsvalet vert halde som fleirtalsval dersom soknerådet ikkje innan 1. september 1997 har motteke skrifteleg krav frå minst 10 røysteføre om at valet skal gå føre seg som høvetalsval.

Framlegg til valliste skal vera underskriven av 10 røysteføre. Namna på forslagsstillarane skal førast opp som overskrift på lista. Framlegg til vallister må ha kome inn til soknerådet innan 12. september 1997.

## FORDELING AV KULTURMIDLANE 1997

Bokn driftsstyre fordelte den 26. juni kulturmidlane for 1997. Resultatet blei slik:

Lag/organisasjon	Fekk
Austre Bokn sundagsskule	1.800
Bokn bedehus	900
Bokn hagelag	1.500
Bokn idrettslag	30.000
Bokn KFUK/-M	9.000
Bokn musikkorps	17.000
Bokn mållag	500
Bokn vevstove	1.000
Bokn ride- og køyreklubb	6.000
Havnavegen velforening	1.500
Hognaland sundagsskule	1.100
Kyrkjebygda sundagsskule	1.200
Leirgrov velforening	1.500
Petra Fritidsklubb	7.000
<b>SUM</b>	<b>80.000</b>

I år skulle 14 søkjavarar, som alle hadde tilfredsstillande søknader, dela potten på kr. 80.000,-. Når laga tilsaman søker om kr. 117.600,- kan dessverre ikkje kommunen gjera alle nøgd.

Likevel fekk **atte** lag det dei søkte om, derav dei nye velforeiningane som fekk oppstartingsstønad på kr. 1.500,-

I forhold til retningslinjene blir korpset, idrettslaget, speidarane og Petra Fritidsklubb prioritert saman med den nye hesteklubben. At idrettslaget etter ein sterk søknad i år fekk ein større del av kulturmidlane enn før, gjekk ut over korpset, speidarane og fritidsklubben - utan at dette skal få noko å seia for drifta av desse laga.

Ev. spørsmål om kulturmidlane for 1997 kan rettast til kulturkontoret.

# LOVFORANKRING AV MUSIKKSKULANE

5. juni 1997 vil av alle musikkskulane i landet bli huska som ein historisk dag. Då blei 25 års kamp for lovforankring av musikkskuletilbodet krona med siger. Stortingsvedtaket blei gjort med støtte frå alle partia, unntatt Frp.

Den nye paragrafen i grunnskulelova lyder slik: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk/kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

Leiar av Stortingets kirke-, utdannings- og forskningskomité, Jon Lilletun (Krf) fortel i bladet MUSIKK - KULTUR at det var svært morosamt å avslutta denne stortingsperioden med denne lovforankringen, som steg for steg er blitt jobba fram gjennom desse fire åra.

*God sommer, lille erle,  
her bor vi vegg i vegg.  
Jeg ruger på min vise  
og du på dine egg.  
Forglemmegei og ballblom,  
linnea og fiol  
forfrisker seg av duggen  
og metter seg med sol.*

*Einar Skjeraasen*

Ingen kommunar kan no foreslå å leggja ned musikkskulen, for tilbodet er pliktig. I mange kommunar er

nedleggingstruslane og kampen for å overleva

*Den yngste eleven i Bokn musikkskule, Runa G. Schmeichler og lærar Venevil Birkelund kan slutta å lura på om musikkskuletilbodet består til neste år.....*

*Foto: JH*



ein stort slit, og Lilletun håpar vedtaket skal gi meir stabile personalforhold.

Vedtaket seier ingenting om nivået på aktiviteten, og oppfølging i form av penger til kommunane. Lilletun opplyser om at dette i første omgang er eit lovvedtak, og at økonomien skal takast opp i statsbudsjettetsamanheng. Målet er at musikkskulane i framtida blir finansiert slik: 45% frå staten, 45% frå kommunen og 10% i elevkontigent.




# «NEDE PÅ STASJONEN»

Med denne songen song barna i barnehagen inn si fyrste CD, då me onsdag den 11. juni hadde besøk av Nor-stage Studio A/S frå Haugesund. For barna blei det ei fin oppleving og samstundes svært spennande å få syngja i ein ordentleg mikrofon. Etter opptaket fekk dei høyra seg sjølv syngja.

På CD'en som blir utgitt til sommaren er der óg opptak frå andre barnehagar

frå nordfylket. CD'en blir eit kjent og kjært minne, både for barn og foreldre, då det er kjente og kjære barnesongar som blir sunge på plata.

Helsing  
barnehagen




Full

konsentrasjon, fv. Ingrid Langhelle, Endre Kro, Tina B. Høyland, Thomas H. Fostenes, Hilberg Andreas Nemeth, Marius Sunde, Silje Eide, Karina Kjetland, Lillian Nemeth, Øyvind Langhelle, Didrik Janson Alvestad, Frøya Rasmussen, Stian B. Hayland, Benedicte Mæland, Ida G. Schmeichler.

Foto: HS

(Bygdabladet beklager därlege lysforhold)

Bokn barnehage har også fått sin eigen logo. Teikninga er laga av Øyvind Langhelle.




SERIE NYTT I BOKN!

Bokn bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Denne gong kan du lesa om den nye hesteklubben, og i september er det klart for SKULE-NÄRINGSILIV.

# BORK

Bygdabladet tok 24. mai turen innom Hognaland skule, der eit av BORK sine mange helgekurs var i full gong. Det er alltid stor interesse for hesteklubben sine kurs, og denne gong hadde dei fått tak i ein profesjonell instruktør frå Hamar, Jan Ottesen.

Instruktøren fortel at dette 2-dagers kurset tar for seg generell ridelære, og er for både nybegynnarar og vidarekomne. Ottesen opplyser vidare om at han sjølv har ridd i 26 år, og at han reiser mykje rundt og held kurs, for det meste i Sverige. Han legg til at det helst er kurs i Islandshest han har, idet Hanne Nilssen, Veronica Sæbø, Nina Berg Balaz og Synnøve Holberg Odland rir inn på skuleplassen. Det er tydeleg at dei kosar seg oppe på hesteryggen, og dei hører godt etter kva instruktøren seier.




På austsida av den gamle skulen sit ei gruppe klubbmedlemmer og kosar seg i sola.

- **Brit Opsal, BORK har ikkje berre medlemmer frå Bokn, ser eg.**

- Nei, av dei 55 medlemmene er det også nokre frå Tysvær, spesielt den sørlege delen av kommunen.

Brit kan fortelja at BORK har inngått eit samarbeid med Bokn Bygg om å bruka dette flotte området til ridning. Etter ei opprydning på plassen av hesteklubben, er det lagt på meir grus og tilrettelagt for hesteaktivitetar. Inne i uverskuret til Bokn Bygg




Fv. Jan  
Ottesen,  
Veronica Sæbø,  
Hanne Nilssen,  
Nina Berg  
Balaz og  
Synnøve  
Holberg  
Odland

Foto: JH

er det også laga skiller til stallar.

- **Korleis kom Bokn ride- og køyrekklubb i stand?**

- Det var Åse Bratthammer som tok initiativ hausten 1996 i samarbeid med «Bokn Bygdeutvikling», kjem det frå Brit mens ho gjer seg klar til å gå inn til mat og sosialt samvær. Instruktøren skal også ha ein teoritime om rideteknikkar og generell ridelære.



BORK er altså nok eit produkt av gigantprosjektet «Bokn Bygdeutvikling». Hesteinteresserte folk i Bokn er medlemmer av ulike hestelag, men i november i fjor gjekk alle saman i ein eigen lokal klubb. På BORK sitt konstituerande møte hadde dei allerede eit vellukka arrangement bak seg, nemleg ride- og køyreakтивitetar i samband med «Søndagstur til fortida» i Peralia. BORK var dei einaste som hadde overskot den dagen, og fekk med det ein svært god start for klubben. 17. mai i år var BORK igjen synlege i bygda med sin populære inntreden i toget samt rideaktivitetane om ettermiddagen. La oss håpa dette blir ein tradisjon.

### - Kva gjer de elles i klubben, Åse Bratthammer?

- Me har ulike utfluktar saman i tillegg til klubbkveldar og temakveldar. Førerebels har BORK eitt arr. i månaden.

Medlemmer av BORK, bakerst fv. Dagchild Grønnestad, Berit Løkling, Eva Moi, Agnes Sæbø, Randi Nilsen m/vesle Kristian - foran fv. Audhild Sæbø, Maria Stokes og Brit Opsal

Foto: JH

### - Framtidsplanar?

- Klubben skal få meir faste ridekveldar der medlemmene kan koma og ri. Vidare vil me gjera vårt for å få realisert planane om eit rideanlegg, helst på Ognøy, kan Åse fortelja.

Som kjent er desse planane samt ein mindre ridebane skissert opp i kommuneplanen for idrett og friluftsliv. Behovet for ridebanar er store i kommunen, men det er vanskeleg å få til ei forsvarleg drift av slike anlegg. I skrivande stund er ballen spilt over til Faxi for å sjå om planane deira i Slåttevik kan kombinerast med eit framtidig interkommunalt rideanlegg.


BORK har seks medlemmer frå ungdomsskulen, blant desse er Dagchild

Grønnestad og Monica Lindanger. Begge fortel at dei er med i klubben p.g.a. ei stor interesse for hestar og andre dyr. Daghild har vore med frå starten av, og ho er også styremedlem. Elles i styret er Erik Eikje (leiar), Åse Bratthammer, Agnes Sæbø og Kirstin Hosaas.

**- Monica, har ikkje du ridd i mange år allerede?**

- Jo, ni år gammal var eg på rideleir for første gong saman med Kirstin. Leiranane har vore på Stord og på Åmøy.

Monica seier vidare at ho alltid har hatt lyst på eigen hest, men det er nok ikkje lett i eit byggjefelt.



Monica Lindanger i aksjon under Søndagstur til fortida i fjor

Foto: KL

**- Men du, Daghild har hest sjølv?**

- Ja, men han blir solgt i desse dagar. Det går ikkje an å ri på han p.g.a. bukking, men det er ein god køyrehest, seier Daghild med sørmodig stemme over å selja hesten sin, som er ein blanding av Nordlandshest, Fjording og Shetlandsponni.

**- Kva er kjekkast med hesteklubben?**

- Det er eit bra miljø i BORK, der alle kjenner alle. Det er heller ikkje noko


ork å vera med, akkurat passe aktivitet. Også lærer me mykje på alle kursa BORK har, legg Monica til

**- Kva slags forventningar har de til klubben og hestemiljøet framover?**

- Å få vera med på ridestevner, delta i konkurransar, læra meir om ridning og hestar, og så bør me få oss ein god og stor ridebane.

Jentene vil også ha fleire ungdommar med i klubben.

- Det er for mange som er redde for å få litt lukt på seg, avslutter Daghild, som skal vera på «Haugesund ridesenter» i arbeidsveka på skulen. Hesteklubben i Bokn, som har både Islandshest, Fjording, Araber og Shetlandsponni i stallen, er stadig i vekst, og varslar fleire spennande aktivitetar i neste kulturkalender. Har du lyst å vera med i klubben, ta kontakt med ein i styret.



BORK i aksjon under 17. mai i år, øverst representert med Jens Morten Vatnaland, og nederst med Eivind Moi Eikje

Fotos: RA

# HAVBRUK - FREMTIDENS NÆRING

Oppdrettsnæringen er fortsatt en ung næring. I løpet av 10 år er produksjonen økt fra 34.000 tonn til 313.000 tonn pr. år. Eksporten av fisk er Norges nest største eksportnærings - etter olje og gass. Utviklingspotensialet i Norge og Rogaland er stort og markedet økende. Næringen har hatt en god utvikling i forhold til kunnskap og teknologi, og har fått helse-situasjonen og forholdet til miljø under kontroll.

Svein Ove Alvestad i Loden Laks A.S. arrangerte i mai orienteringsmøte om de muligheter lakseoppdrett har i vårt fylke, og de muligheter dette gir for Bokn kommune. Møtet som varte en hel dag hadde tunge innledere fra Fiskerisjefens kontor, Havforskingen i Bergen, Haugaland Fiskehelsetjeneste og T. Skretting A.S.




En munter gjeng på kaien i Alvestad-kroken, fv. møtearrangør Svein Ove Alvestad, Arne Ervik fra Havforsknings-instituttet, Finn Hallingstad fra T. Skretting A.S. og Arne Møller fra fiskerisjefens kontor.

Foto: SA

Bakgrunnen for møtet var en perspektivanalyse for havbruk i Rogaland utarbeidet av Asplan. Analysen viser at produksjonen av laks kan økes betydelig i forhold til dagens nivå uten at dette går ut over de grenseverdier som er satt for miljø. Analysen bygger på beregningsmetoder en mener vil danne grunnlag for fremtidige beregninger akseptert av både miljøavdelingen i fylket og av oppdrettsnæringen. Modellen er meget omfattende - fra å beregne fjordsystemets bæreevne til det enkelte anleggs bæreevne i miljøsammenheng. Etter mange år med negativ oppfatning av oppdrettsnæringen når det gjelder forurensning, viser de siste års tall at oppdrettsnæringen tilfører langt mindre «gifter» til miljø enn f.eks. landbruket og andre næringsmiddelbransjer. Utslippet av legemiddel er redusert til et minimum, og avfall fra foring og fisk er redusert betydelig og underlagt strenge regelverk. Næringen blir konstant fulgt opp gjennom råd og veiledning samt kontroller fra bl.a. Haugaland Fiskehelsetjeneste. Denne tjenesten driver en utstrakt kontroll, men gir også råd og veiledning samt omfattende analyser.

Fisk og havprodukter vil i større utstrekning bli etterspurt i verden i årene som kommer. Vi har en økende befolkning, og villfiskbestandene rundt om i verden er

meget hardt beskattet. En kan ikke regne med økt fangst på villstammer, og en økt etterspørsel må komme gjennom oppdrettsfisk. Norge ligger langt fremme når det gjelder oppdrett både med hensyn til kostnader og med hensyn til miljø. Det vil gi oss muligheter for å skape en bærekraftig næring som kan overta rollen til gass og olje når denne tar slutt.



Solveig Nygaard fra Haugaland Fiskehelsetjeneste var en av innlederne på møtet.

Foto: SA

Perspektivanalysen viser at vi kan tidoble produksjonen av laks i Boknafjordbassenget uten at dette går ut over de satte grensekrav til miljø. Produksjonen i dag på ca. 11.000 tonn vil kunne økes til 101.000 tonn. Det er for tiden konsesjonsstopp på nye lakseoppdrett, men vi bør kunne forvente nye konsesjoner for å kunne øke produksjonen i forhold til de rammer analysen gir.

Verdiskapningen på landsbasis pr. ansatt er for fiskerinaæringen på 2,3 mill., mens den for det øvrige

fastlands-Norge er på kr. 375.000 pr. ansatt. Det viser at verdiskapningen i denne bransjen er meget høy. Omsetningen av marine arter utgjør ca. 30 milliarder, og for Rogaland ca. 500 millioner. I prognosene for denne næringen anslår en at økningen i arbeidsplasser vil være:

	<b>1986</b>	<b>1996</b>	<b>2000</b>
Primærprod.	3.500	4.600	7.000
Bearbeiding	500	4.000	10.000

En regner med at omsetningen av rund fisk vil gå noe ned mens det vil bli en relativ god økning innen filéer. Selv om Norge har økt sin omsetning er vår prosentandel på verdensbasis gått noe ned. Det viser som tidligere nevnt at den totale omsetning på verdensbasis øker.

Det ble pekt på at oppdrettslaks gir en meget god utnyttelse av protein og energi - langt bedre enn i f.eks. kylling, svin og sau, og også i forhold til villfisk. Tallene er beregnet ut fra de verdier foret gir pr. kg matfisk.

Det er viktig at Bokn, som har besluttet å satse på oppdrett, er med og legger forholdene til rette for at vi kan ta del i denne økningen.

Oppdrettsnæringen er betydelig for Bokn kommune i dag, og vil kunne spille en stor rolle for økning av arbeidsplasser og verdiskapning i vår kommune også i fremtiden. Omsetningen i Bokn av laks var i 1996 på 64 mill. og forventes i 1997 til å bli på 84 mill.

Produksjonen er på ca. 2.300 tonn laks, 1,1 mill. smolt, 0,3 mill. yngel og nesten 1.000 tonn filétt.

Produksjonen utløser innkjøp på

Haugalandet med ca. 14 mill. hvorav vel 1 mill.

brukes i Bokn.

Direkte i sysselsetning gav næringen for 1996 32


årsverk, og beregnes for 1997 å gi 40 årsverk. Næringen er således betydelig med hensyn til sysselsetning, og vil være den bransjen som har best forutsetning for å skape økning i arbeidsplasser, og derved verdiskapning og ringvirkninger i kommunen. Oppdrettsnæringen er viktig for opprett-holdelse av banktjenester i kommunen i det næringen står for ca. 25% av den totale utlånsvolumet på ca. 65 mill. i SR-Bank, Bokn. For året 1996 ble det fra næringen innbetalt forskuddsskatt og skatt på

vel 1,7 mill., hvorav ca. kr. 400.000 går til Bokn kommune.

Med de muligheter som ligger fremover for oppdrettsnæringen i Rogaland, bør Bokn kommune tilrettelegge for at deler av denne økningen skjer i kommunen.

Tilrettelegging kan skje gjennom en god planlegging gjennom kystsoneplanen og kommuneplanen slik at næringen får forutsigbare ramme-betingelser, gjennom communal satsing på planlegging av videreføredling på land, og at folk flest ser på denne næringen så vel som andre nærliggende som en viktig del av utviklingen i kommunen. Bokn vil trenge arbeidsplasser og skatte-inngang slik at de servicetilbud en ønsker kan ivaretas og videre-utvikles.

*Stein Alendal*



## KOMMUNE BLOM

Det har no kome inn fem forslag:


- Blåklokker
- Hestablotm ( løvetann )
- Klokkeling
- Kusom ( kusymre )
- Røsslyng

Frist for å koma med andre forslag blir 15. august.


Forsлага m/argument blir så sende ut til alle husstandar for ope folke-avstemming før ny politisk behandling til hausten.

# SOMMARFORVENTNINGAR FRÅ 2. KLASSE

(trykket på teikningane varierer i kvalitet p.g.a. vekslande originaltrykk)



Eirik Vea




Veronika Sæbø


Sola er fin og sola er varm og  
sola er lys og sola er veldig söt.  
*Anita Øvrebø*

Sol og skyer og vind og regn  
og born og blomster  
og bade og leik.


*Merete Bryningsland*



Odd Kenneth Tollaksen




Alexander Thuestad




Caroline Olsen

Eg gleder meg til sommar for da  
skal eg bada med Hesten og  
Eg gleder meg til sommar  
for da sleper eg å gå på skulen og  
Da skal eg sukle  
*Tom Are*



Irene Kro



Til sommaren skal me til  
Danmark.  
Og eg skal vera i siloen.  
Og eg skal varmed og forhøusta.  
*Bjarne Nedrebø*




Jan Tore Kro

Eg syns at om someren  
er de gøy og bade  
og eg syns det er varmt  
og eg syns det er gøy  
for eg slep og gå på skulen.  
*Veronica Øvrebø*

I sommar vill eg bade masse!  
Og eg Skal bade med hestane.  
Og eg skal vere på hestadritabingo  
med bork!  
*Emilie Moi Eikje*



Rebecca Sæbø



Lisbeth Jøsang

# SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! vil Bokn bygdablad presentera ulike avisutklipp frå Boknhistoria. Fram til kyrkjejubileet i september vil dette dreia seg om kyrkjehistoria.

Denne artikkelen som stod i Hgsd. Avis 22.09.47 har eit bilde av kyrkja rett under overskrifta. P.g.a. dårlig kvalitet kan ikkje dette bildet trykkast.

## Bokn kirke er 100 år

Jubileet feires med festgudstjeneste 28. septbr.

Bokn kirke er denne måned 100 år. Den ble oppført i året 1847 og innviet samme år av biskop von der Lippe. Bokn hørte den gang under Skudesnes soknekall, men ble året etter anneks med Tysvær.

Boknkirken har i løpet av det passerte sekell gjennomgått atskillige forandringer. Den er både utvidet og oppusset. Således fikk den i 1933 tilbygget et nytt preste- og barneskakristi, som er oppført av bygningsmann Adolf Øvrebo. Der ble også bygget korhue og kirkjen ble vakkert malt innvendig. Malerarbeidet er utført av maler Karl Hansen fra Åkra.

Kirken har et meget vakker alterbilde, en gave fra fru Larsen Kro i 1913. Bildet er malt av maleren Ole Frøvig.

I 1926 fikk kirkjen som gave fra bygdefolk i Amerika et orgel (harmonium), og i 1933 fikk den særkalkeri i sølv, også en gave fra fru Larsen Kro.

Ellers har folk i Bokn vist stor interesse og offervilje for sin kirke. Når det har vært spørsmål om å støtte opp om den på en eller annen måte har de alltid stillet seg velvillige. Bygdens kirkeforening samlet således inn mange penger til kirkens utsmykning. Interessen for kirken omfatter i stor utstrekning også ungdommen. Det er således Ungdomsforeningen som har forårt kirkeklokken.

Bokn kirke har en del gammelt og verdifullt inventar. I denne forbindelse kan nevnes de to lysekronene, den ene fra 1710 og den andre enda eldre. Lysestakene på alteret er fra 1643, og den gamle kalken med disk fra ca 1740. Der er også en gammel messehagel, antagelig ca 150 år gammel. Den gamle døpefonten og en del annet fra fra tidligere kirker er dessverre kommet bort.

Det er en lang rekke prester som har gjort tjeneste i disse 100 årene, nemlig:

Skudesnespresten Christian Severin Block Wille 1847 - 1849.  
Hans Jensen Blom 1849 - 1855  
Jan Greve 1856 - 1876  
Thomas Henrik Møinichen Ørsted Plathe 1876 - 1883.  
Hans Christian Larsen 1883 - 1889.  
Svend Svendsen 1890 - 1903.  
Mads Olsen Andenes 1904- 1909.  
Elias Cornelius Nilsen Roald 1909 - 1911.  
Severin Eikrem 1912 - 1917.  
Emil Georg Storesund 1918 - 1920.  
Halvard August Mørstad 1921-

1924.

Ivar Mandius Aasen 1927 - 1981.

Olav Ragnar Værnes 1932 -

For tiden arbeides det med utviding av kirkegården, da den gamle er blitt for liten.

I forbindelse med jubileet vil det bli festgudstjeneste den 28. september antakelig ved biskopen..

Siste avsnitt om kyrkjhistoria som kjem i sjølvaste jubileumsmånaden vil handla om då kyrkja var 120 år i 1967, då også med bilde frå det året.

# OPEN GARD

17.August vil Bondelaget igjen invitera alle til Open gard i heile landet. Dette er eit landsomfattande tilbod frå bønder til folk om å koma å vitja ein gard denne dagen. Dette for at du kan verta betre kjend med bonden og dyra på garden. Bokn Bondelag vil i år som tidlegare ha open gard hjå Svanhild og Sigmund Alvestad, som alltid er dei vel-

Open gard 30.4  
i skulen si  
prosjektveke

Foto: JH

viljuge og stiller garden til disposisjon.

Dette vert ein dag med mange aktivitetar og me vil oppfordra bygdefolket til å delta. Det vert solgt grillmat og kaffimat. Ungane vil kunne sjå og klappa dyra. Du vil kunne drøsa med naboen eller andre kjente. Det vert natursti med oppgåver frå landbruket.



I år har Bokn Bondelag gått ut og invitert grupper i Bokn Bygdeutvikling til å vera med på arrangementet, så det vert utstilling og sal frå urtegruppa og trearbeidning.

BORK vil bidra med konkurranse i hestekøyring kor dei utfordrar dei «gamle» hestekarane til å visa at dei framleis hugsar korleis det er å køyra med hest og kjerre. Så det er berre å ta utfordringa og mælda dykk på til Erik Eikje 52 74 82 83.

Det kostar 50 kr å starta, og det er gode premiar. BORK stiller med hestar og kjerrer. Det vert òg arrangert hestedritarbingo som er svært spanande.

Bondelaget vil ynska aile boknarar og andre velkommen til ein triveleg dag.

## MINNEORD

Anna Helmine Paulsen f. Ognøy. Født på Ognøy 16. mars 1903.

Hun var nær 94 år da hun døde 24. februar 1997. Hun var datter av Ane og Peder Ognøy og vokste opp på Ognøy. Skolegangen sin hadde hun på Austre Bokn hos lærer Trahaug.

Anna kom tidlig til Stavanger og tjenestegjorde flere steder. I over 50 år var hun hos Dagny og Ragnvald Bjelland. I sin fritid var hun ved Boknabergsjøen der de hadde hytte. Hun og mannen Henrik var noen ivrige fiskere, både med garn og teiner. De fikk 2 barn, Solveig og Per. Per døde i 1981, men Solveig m. familie ferierer ved Boknabergsjøen.

Vi lyser fred over Anna Paulsens minne.

*Solveig Ognøy Johansen*

## MINNEORD

Johannes Geitung er død, nær 91 år gammal.

Han vart fødd på den vesle øya Geitung i Bømlo kommune, foreldra heitte Ingeborg og Ole. Johannes var den eldste av 4 søsknen. Han seilte ute i mange år, dei siste 8-10 åra i trelastfart på Russland. Johannes var med på forlis og mange harde uvérsturar på sjøen. På Geitung hadde han eit lite småbruk, og dreiv også fiske. Av interesser var han svært glad i song og musikk. Johannes likte også godt å lesa, særleg historie.

Han og kona flytta til Bokn for ca. 20 år sidan for å koma nærmare dei 5 døtrene, som alle budde i Nord-Rogaland, derav 2 på Bokn. Johannes likte seg godt på Bokn, han syntest folk her var gjestfrie og hyggelege. Kona Kristiane døydde i -84, og han mista ei av døtrene i -86.

4 døtre og svigersøner, 12 barnebarn, 5 oldebarn og 2 søstre lever etter han.

## HJERTELIG TAKK

for alle blomster og deltagelse ved vår kjære far, Johannes Geitungs bortgang. Takk til betjeningen ved Bokn sjukkestove, Hjemmehjelpen og Besøkstjenesten for god hjelp. En spesiell takk til betjeningen ved Bokn Handelslag for god service.

*For familien, Ingebjørg og Jorunn*

# KULTURMINNEÅRET 1997

Dei folkevalde i Bokn tok folkeavstemminga om kulturminneval til etterretning, og vedtok 17. juni å velja ut Sunnlandsstraumen til å fylgja Kulturminnestafetten -97. Det blei også bevilga kr. 3.500,- til nødvendig vedlikehald av det valgte kulturminnet. Kommunen får også kr. 3.500,- fra Kulturminnestafetten til vedlikehald, og det er ikkje klart enno om Fylket også vil støtta dette prosjektet. Ansvarsforholdet for kanalen i Straumen er uklart mellom Kystverket, Fylket og kommunen, og korleis pengene skal brukast må ein ta stilling til seinare i år. Oppsetting av ei informasjonstavle der Sølvskatten blei funne i 1923 er aktuelt i tillegg til å kopla inn Boknabåten i området, ev. med å laga ein kopi.

Prosjektgruppa i kommunen er godt

nøgd med den breie debatten og fokuseringa på ulike kulturminne i Bokn samt den gode oppslutninga om folkeavstemminga.

## Resultat:

- |                               |            |
|-------------------------------|------------|
| • Sunnlandsstraumen           | 34         |
| • Nordre Vågaholmen           | 26         |
| • Vågshaughuset               | 19         |
| • Boknabåten                  | 10         |
| • Overfallshjulet på Ognøy    | 5          |
| • Festningen på Klepp         | 4          |
| • <u>Eigne forslag*****</u>   | <u>4</u>   |
| • <u>Sum innkomne stemmer</u> | <u>102</u> |

\*\*\*\*\* Setja opp kvernhus i Kvednabekkjen x 3 samt Bokn kyrkje

Bokn skal levera kulturminnedokument sitt på Avaldsnes 20. august, etter planen roande i Boknabåten med Johannes Nilssen i spissen.

## BOKN BYGDEMUSEUM

har ope kvar sundag kl. 15.00-  
18.00 i mnd. juni,  
juli og august

Bokn bygdemuséum, med over 3.000 gjenstandar, er i høve til folketalet Rogalands best utbygde bygdemuséum. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom slik det var først i vårt hundreår. På museet



finn du også skomakarverkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.

Ottar Håland og Egil Ognøy ordnar museumstaket.  
Foto: JH


I juni foregjekk det eit omfattande vedlikehaldsarbeid på taket, noko som passar godt i Kulturminneåret -97.

# BYGDEBOKARBEIDET

1. juni begynte Bjørn Eirik Gundersen med å systematisera og skriva inn dei kladda billedmotivbeskrivelsane frå 1994 for andre gong. Som kjent blei kulturkontoret utsett for eit innbrot i april i fjor, og der forsvann det tildeigare

Bjørn Eirik Gundersen med ein av kladdane av billedmotivbeskrivelsane til bygdeboka.

Foto: JH



arbeidet, då det viste seg at backup-kassetten var tom.

- Korleis er det å gjera det same tidkrevande arbeidet ein gong til?
- Det har eg innstilt meg på heilt sidan innbrotet, så det går fint. Eg har fått god trening i å tyda dei ulike handskriftene, derfor går det fortare denne gong, kjem det smilande frå Bjørn Eirik.

Når først den fleksible mannen med den klingande nordlandsdialekten jobbar i kommunen, er han overalt. I tillegg til å vera prosjektansatt i

bygdebokarbeidet, er han m.a. assisterande prosjektleiar i Bokn Bygdeutvikling, «sentralborddame» og vikar ved diverse kommunale kontor.

Bygdeboknemnda gler seg til at alle bildene til bygdeboka blir knytta opp til motivbeskrivelsane i

ein database, slik at ein kan få ein fotografisk oversikt over kommunen. Målet er sjølv sagt å få dekkja heile Bokn så godt det lar seg gjera, og det kan godt henda at akkurat *du* har eit interessant bilde som ikkje er avfotografert med tanke på bygdeboka. Dette kjem bygdabladet tilbake til når den tid kjem.

## KULTURPRISEN 1997

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 1997.


Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg

verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

P.g.a. därleg respons sidan forrige kunngjering, blir **ny frist** for inn-sending av forslag til kulturkontoret sett til **29. august**. Meir informasjon i mai-nr. av bygdabladet.

## FIREBRUERSLØP MED INTERNASJONAL DELTAKING

Med vergudane på si side arrangerte Bokn idrettslag Firebruersløpet sundag 29. juni, det sjuande i rekka. Både boknarar, tysværbar og andre lettbeinte rogalendingar fann vegen til Føresvik Stadion i det glitrande veret. Jamvel ein svenske og ein tyskar var representert på startstreken i dette etterkvart så tradisjonsrike løpet.



Kasserar i Bokn idrettslag, Arne Hosaas, fortel til Bokn Bygdablad at det blei seld mykje meir laks, is og brus under arrangementet i år i høve til i fjor. Forklaringsa på dette er sjølv sagt det framifrå veret. Når det gjeld talet på deltakarar var det omlag like mange som i fjor. Likevel seier Hosaas at ein venta større tilstrøyming til Firebruersløpet i år, tatt i betrakning det forholdsvis dårlege veret det var i fjor.

Men noko av forklaringa på den uendra mengda med påmeldte, er å finna i andre arrangement rundt i distriktet, m.a. kajakk-NM i Tysværvåg. Det såg i alle fall ut til at dei omlag 300

frammøtte koste seg i sommarveret. Eit særskilt populært innslag blant dei tilreisande er høvet ein har til å kjøpe seg middag. Dette er ikkje vanleg på denne type arrangement andre stader.

Elles gjorde funksjonærane ein god og viktig jobb for idrettslaget denne sundagen.

Og slik ser resultatlista ut (berre dei beste tidene):

### Halvmaraton Herrer

- |                      |         |
|----------------------|---------|
| 1. Leif Johnny Støle | 1.18.10 |
| 2. Sverre Aksland    | 1.19.53 |
| 3. Per Arne Steinstø | 1.20.24 |

### Halvmaraton Damer

- |                   |         |
|-------------------|---------|
| 1. Audhild Ulland | 1.52.28 |
|-------------------|---------|

---

*Firebruersløpet 1997 i strålende solskin.*

*Foto: KL*

---

### 10 km Herrer

- |                                    |       |
|------------------------------------|-------|
| 1. Per Johan Svendson<br>(Sverige) | 34.28 |
| 2. Jan Helgesen                    | 34.33 |
| 3. Tor Gismervik                   | 34.53 |

### 10 km Damer

- |                       |       |
|-----------------------|-------|
| 1. Merethe Reianes    | 48.55 |
| 2. Gunnhild Haukeland | 53.54 |
| 3. Bodil Melkevik     | 57.42 |

### 5 km Herrer

- |                   |       |
|-------------------|-------|
| 1. Eivind Dybdahl | 17.51 |
| 2. Bjarne Aksland | 18.19 |
| 3. John Heimdal   | 20.28 |

### 5 km Damer

- |                                 |       |
|---------------------------------|-------|
| 1. Solveig Skattkjær            | 23.25 |
| 2. Ilka Grundmann<br>(Tyskland) | 26.01 |
| 3. Aud Halvorsen                | 26.55 |

**SERIE**

# STUBBAR OG ORIGINALE SVAR

- av Elisæus Vatnaland, lagt til rette av Birger Lindanger -

Me tek også med nokre gamle segner frå Bokn. Ein som fortalte mange segner, var Kristoffer Pederson Vatnaland. Han var født i 1835 og kjøpte garden på Vatnaland i 1860. Han var glup til å attfortelja kva han hørde av gamle folk, både segner og anna som skulle ha hendt kring på gardane. Desse gamle hadde ofte hørt segnene av eldre folk i sin ungdom. Slik har desse tradisjonane røter tilbake til både 16- og 1700-talet.

## MANNDRAP I KVEDNASKARET

Ei segn fortel om ei stygg hending i Kvednaskaret mellom Steinfjellet og Brekkå i vestre Vatnaland-utmarka. Det kan ikkje ha vore drive med maling på vasskvern på ein slik avbakleg plass opp i turre fjellet, men skaret skal ha fått namnet etter eit hardt oppgjer mellom to grannar. Dei skulle ha råke uklar om ei huskvern. Den eine av grannane budde i Brekkå og den andre på Skarstad på austsida av Skarstad-fjellet i austre Dagslands-utmarka.

Det kom til reine fiendskapet mellom grannane om denne kverna, og hatet enda med manndrap i fjellskaret som etter hendinga vart heitande Kvednaskaret. Mannen som vart

drepene, gjekk sidan att. Attergangaren vart kalla "Halvfjordingsmannen". Nedanfor skaret, på heimebøen til Vatnaland, ligg Kvednaskarsflåta. Frå denne og langs lia nedetter ein slåtteteig som vart kalla "Halvfjordingen" og ned til ein hidlar som heiter "Påskaståvå" kunne ein sjå skuggen av atter-gangaren i myrk skodde og skume kveldar. I Påskeståvå kunne ein elles til tider høyra ein sus inne i fjellet.

"Halvfjordingsmannen" var ikkje nett farleg, men det fylgte alltid mykje uhygge etter eit møte med han. Bonden på Vatnaland brukte stundom attergangaren til å skräma bort ungar som ville henta neter i lia. "Halvfjordingsmannen" ville vita å hemna seg på dei som lura seg til å henta neter i lia hans, heitte det.


## BRUREFYLGJET SOM GJEKK I VATNALANDSVATNET

Ei segn var om eit brurefylgje på veg til kyrkja. Dei kom frå ytre delen av Vestre Bokn. Då dei kom til Vatnalandsvatnet, ville dei nyitta høvet til å gå på isen frå Øygarden (Økland) til Vatnaland. Komne ut på, brotna isen og storparten av brurefylgjet skal ha gått med der. Kva tid dette hende, kan ingen seia noko om. Men mange har fortald denne segna.

## HEKKANSHÅLÅ

I Grutlå ved Boknabergsvatnet er det ei djup håla. Der spøkte det inne i berget. Hola låg nær vegen og vart kalla "Hekkanshålå". No er det rausa mykje Stein ned.

Når det var blitt mørkt, og ungdommane gjekk framder, kunne det nok henda at somme var litt fælne og helst ville gå fleire i lag. Gamle folk kunne fortelja kva ein og annan hadde høyrt eller vore ute for. Mykje vondskap skulle halda til i Hekkanshola. Ein gong kasta dei inn ein katt der. Han kom ut att ein stad ute ved Borgenvik. Men då var håra svidde av han!



## DØDSSEGLAREN VED GRØNNESTADVÅGEN

Ein "dødsiglar" var førevarsel om ulukker som kom til å henda på sjøen. Kristian Nilsson Odnaneset (f.1844) og broren, Han Nilsson Odnanes (f.1840), såg ein slik "dødssiglar".


Det var i mars månad i 1867 då dei låg utanfor Grønnestadvågen og fiska. Den eine brukte snøre og den andre andøvde. Været var bra. Då fekk dei sjå ein båt som kom seglante ikkje langt unna. Dei drog god kjensel på dei

to mennene som var i båten, men var så opptekne med sitt at dei ikkje tenkte meir over seglaren. Ikkje før dei kort etter såg opp i retning der han før - då var båten borte. Dei vart ille ved, og var ikkje gode for å halda fram med fisket, men rodde heim. Det kom for dei begge at det var ein "dødsseglar" dei hadde sett.

Kort tid etter kollsegla dei to brørne Lars og Erik Pedersøner fra Trosnavåg. Dei var ute i Karmsundet på heimtur frå Skudeneshamn i eit farleg ver med stormbøyer. Heime hjå Daniel Larsson Trosnavåg, morbror til dei to, kunne dei sjå at båten kom bort under ei hard nord-vestbøye.

Dei samla folk og rodde ut i Karmsundet, men det harde været hindra dei i å koma fort nok fram. Bergingsmennene kom sjølv ut i store vanskar, men fann den eine av brørne. Det var så vidt liv i han, men han døydde då dei kom til lands. Den andre kom bort.

Etter ulukka fortalte Kristian og Hans Odnaneset om "dødseglaren" dei hadde sett, og at det var nettopp Lars og Erik Trosnavåg dei såg i båten.





# ORDET FRITT



## BETRAKTING OM BØKER

Da æ læsste i Bygdabladet nr. 5 - juni 1997 - Årg. 12 fekk æ ubehejndig trang tel å skriv, mæn æ drøyd han. Æ vesste ikkje korsen æ skujll skriv. Nynorsk kajn æ ikkje skriv, og bokmål e tabu. Vess æ sku prøv mæ på nynorsk vijlle både han Jardar og han Reidar få sjokk og nækt å trøkk det. Forresten går han Jardar i sjokk fra før av for tida, gledessjokk. Han blei jo pappa den 10. juni. Det va ikkje for tidlig si nu æ. Gratulasjona e overbrakt. Om han Reidar e i sjokk for tida veit æ ikkje, æ har ikkje spurt han. Mæn man veit jo ajldri. Ætte mang ei fintænking slo ideen ned som lyn frå klår hemmel: Æ kujnne vel skriv på dialækt! Min ajltså. Dirækte importert frå Væsterålen, øredøvanes langt nord. Ukjent for de fleste boknarane. Mæn dokker ska bærre ta dokker en tur. Dær e flott bærre det ikkje e 3 meter sny.

Mæn det va jo ikkje Væsterålen æ sku prat om, det va jo bøker. Bøker e tongt. Jo fleire bøker det e samla, jo tønger e det. Æ har hørt om fleire som har forløfta sæ på bøker, og rygghajll e ikkje nokka godt. Bæst som du e blitt fresk så slår han sjetterik tel igjæn, og där ligg du som utslådd vatn. Nei, bøker ska behandles med stor varsomheit. Det likaste e å sjå på de. Bøkern ajtså. På ryggen. Ikkje

veikryggen som æ nættopp omtalte, mæn bokryggen. Der står de i forskjellige varianta, tjukke og smale, høge og låge, og et lustusen med divære skifta og meir tel på ryggen. Skjære kunsten.

Nokken *læs* jo bøker også, mæn nå e bøkern blitt så svindyr at de e ikkje kjøpanes. Man må lån. Dærfor har vi bibliotek. Her på Bokn e det ho Linda som styre den butikken. Med data og greier. Mæn bøkern e jo like forbajnna tong om ho har data! E det nokken som trur at bøkern lëttna førdi at ho Linda sett å trøkke nokka grassat på en masse knappa, og lys på bøkern med rødt varsellys? Ikkje ett gram lëttna de. De blir heller tønger for nå e det slike strekkoda inni. Om du lån ei bok nå for tia så slepp du ikkje ujnna om du så sykle fjærveien til Mesopotamia. Strekkodan finn dæ uansett kor du e. Strekan bøye sæ som klør, på liknament med klørn tel tigran, tøye sæ ætte dæ, og høgg tak i dæ. Æ trur det e dærfor nokken ikkje lika bøker. Når de så kjæm i nærbond med så mange bøker på biblioteket, det må jo være fleire milliona, og de omsætt ajlle de strekkodan som da e samla i tigerklør----Ja, dokker skjonne vel at man kan bli skitredd av mindre enn et lustusen milliona tigerklør som bærre venta på å riv dæ i småbita! Æ forstår godt at nokken ikkje tørr fløtte på bøkern. Ikkje et lite stykkje en gang. Bærre for å slæpp å sjå de. Han steike, de må ha det trasig. Hadde æ vært så redd for

bøker hadde æ fujnne mæ en plass heilt uten bøker. Her har vi jo bomberom på skolen og bunkersa på Loden.

Kjæmpeplass for bokredde folk. Ikkje det at sådanne folk nødvendigvis har glømt å levere telbakers bøker. Neida, de har vel bærre hørt skrækkhistorian.


Når æ tänk på at æ og ajlle andre kan sett heilt gratis attme dissan bökern, og i tillegg kan få kok og styr og stell så mykje man løsta uten å betal ei krona! Nei, du kan jo bli fresta tel å fløtte dit! Blir du trængt så e det automatdritar i umiddelbar nærheit også. Blir du sjuk har du ækspærtan kloss attme dæ.

Sjukebil og. Før et opplegg!!! Bæst med du sett å kose dæ med ei bok eller driv på med ajnna kulturorgie og heilt uførvaranes vil sjite eller bli sjuk, så e du hjælpen momentant. Dokker forstå kor æ vil hæn: Bibliotek med innlagt førstehjælp, dritar, ajnnna servering, kjøkken, heis og sælvfølgelig en masse bøker gratis og franko!!!! Det må være rekord, værdensrekord. Det har nok sælv ikkje ho Linda tänkt på. Med slike fasiliteta x) e det ikkje nokken som må klag på biblioteket vårres.

Det meine nu æ.

Bjørn Eirik

x)PS: Fasiliteta = bekvemmeligheter. Vi nordlænninga kan fræmmenord også, mæn bruке de skjelden. Nåen ajnner ord vi brukе ofte har æ prøvd å la vær.



## UTRIVELEG HYTTECONTAINER

Det har vore utriveleg rundt nokre av hyttecontainerane i Bokn denne våren. Spesielt ille var det tidleg i mai ved containeren i vegkrysset ved Boknabergsvatnet. Etter det me har fått opplyst låg det på eit tidspunkt 30 sekker utanfor containeren. Alle var rivne i stykker.

Me i Toraneset Renovasjonsselskap seier oss leie for dette.

Nå manglar ikkje Bokn containerar til hyttene. Mens dei andre 4 kommunane våre i sommarmånadene har ein containerkapasitet på 50-100 liter pr. hytteabonnent, har Bokn 160 liter. Når det likevel kunne bli så galt denne gongen, har det sine grunnar:

1. Bokn mista to av dei vanlege tømedagane i starten på mai på grunn av helgedagar. Me annonserte alternative tømetider, men mange fekk ikkje dette med seg. Det gjorde at ekstra mange sekkar frå fastbuande blei lagt i hytteconteinarane. Dette skulle likevel ikkje vore eit problem, for containerane skulle hatt plass til alt dette, og dei blei tømt etter den køyreplanen me hadde fastsett for mai.

2. Under tøming av containeren ved Boknabergsvatnet ser renovatoren kva som er det eigentlege problemet: Containeren inneholdt lite husholdningsavfall, men er smekkfull med materialer, delar av ein slåmaskin, stålbitar og sponplater. Med andre ord ville det vore plass til alt husholdingsavallet dersom containeren

ikkje hadde vore misbrukt til nærings- og/eller rivingsavfall.

Hovudproblemet er med andre ord dei av kündane våre som ikkje veit kva avfall det er lov å legga i hyttecontainerane.

Me har ikkje problem med alle hyttecontainerane i Bokn. Etter det renovatørane rapporterer, er det ikkje nemnande misbruk av dei 3 containerane i Loten, ved Sønnalandsstraumen og ved butikken på Austre Bokn. Det er dei andre 4 containerane, som alle er utplasserte i Føresvik/Alvestad-området, som helst blir misbrukt.

Toranesset Renovasjonsselskap vil gjerne at det skal sjå fint ut der containerane står. Og me gjer det me kan for å halda det ryddig og reint rundt containerane. Men me er makteslause dersom dei som brukar containerane ikkje tek ansvar.

Kva kan gjera for å få rett bruk av hyttecontainarane?

Å kjefta på renovatørane våre hjelper ikkje. Renovatørane brukte lang tid på å rydda opp rundt containaren ved Boknabergsvatnet, og kunne tenkt seg å få gjera dette i fred utan å få kjeft mens dei arbeida. Renovatørane har ikkje skuld i det som skjer med hyttecontainerane, og fortener heller ros for den måten dei utfører arbeidet sitt på. Dei er raske og pålitelege, og med sin effektivitet gjer dei det mogeleg å halda låge renovasjonsavgifter i kommunane.

Då har me meir tru på at ein lokalt i bygda tek tak i det eigentlege

problem med misbruk. Me har erfaring for at problemet forsvinn meste heilt når lokalsamfunnet engasjerer seg. Folk er etterkvart blitt svært miljøbevisste, og ingen likar å bli tatt for å vera kunnskapslaus på dette området.



Nå kan det tenkast at einskilde har kasta nærings- og rivingsavfall i hyttecontainerane i Bokn i god tru. Men slikt avfall må altså eigaren sjølv transportera til Toraneset Renovasjonsplass. Ta kontakt med Toraneset for å undersøkja prisar og krav til sortering. Og me svarer gjerne på kva du skal gjera med anna avfall, som gamle kjøleskap, bilbatteri, asbestplater, malingsrestar, oljeskvettar og kva det måtte vera.

Kjem du til Toraneset med ditt private avfall i ein vanleg stasjonsvogn/personbil med tilhengar, er levering gratis. Og Toraneset ligg ikkje meir enn 2 mil frå Aksdal. Du tek av i Isvik mot Vikebygd. Etter Isvik er vegen skilta til renovasjonsplassen. Me har langdag til 1900 på torsdagar, og er elles ope i tida 0800-1500. På laurdagar og helgedagar er det stengt.

Toranesset 19.06.97.

Med helsing

Dag Halvorsen

## **DET VAR EN GANG....**

Det var en solskinnsdag. En ukjent vandret inn i Bokn med optimistisk sinn og struttende av pågangsmot. Denne ukjente fikk høre om motorsykkelkjøring i skauen, noe han hadde drevet med tidligere som ungsau. Han satte i gang, rev og slet til seine kvelder for at ungstutane og ungkvigene skulle få en mulighet han selv fikk som ungsau. Mekking og sjekking, smøring og kjøring, så ofte som mulig.

Men en dag tok pengene tinget i Bokn hadde bevilget slutt, og rådlaus begynte den fremmende å se etter måter å skaffe storkna mannasveite på. Ein dans! - det var tingene.

Forberedelsene begynte, og en ungstut hjaelp til i början. Da dansen nærmet seg og store sterke vaktar skulle skaffast, ringte den ikke lenger så fremmende sauene rundt til fader-stutane, og ville ha hjelp til å holde de ventende hordene i sjakk. Men da han spurte seg rundt virket det mest som om gamlestutane hadde glemt at de en gang var kalvar. Den nå litt mer kjente sauene blei eitrande forbanna, og fikk mest lust til å hive kjøretøyene i knollen på gamlestutane.

Med den konklusjonen at gamlestutane var modne for slakt, fikk allikevel ungsauen tak i nok villige store stutar til å hjelpe seg, uten at en eneste av dei hadde en kalv med i leken. Den eneste moder-kua som ga ei hand, var en frisk kvige som alltid stiller opp. Hun solgte svin, neste gang blir det kanskje en gammel stut?

**Hjertelig takk til alle de som stilte opp på dansen 21. juni -97.**

Frode Lie, leder Dirt rider Trial «Team» (?)

## **SKRIVEMÅTEN PÅ STADNAMN I BOKN**

*Av Reidar Alvestad*

Ein lesar hadde i forrige bygdablad eit innlegg om skrivemåten på stadnamn i Bokn. Sidan eg var saksbehandlar for stadnamnsaka som vart behandla i kommunestyret den 6. juli 1993, er det naturleg for meg å gi ei kort utgreiing om kva som var grunnlaget for saka.

Det var verken eg som saksbehandlar eller andre i kommunen som tok initiativ for å endra stadnamn nokon stad i Bokn. Det hadde seg så å saka kom til kommunen frå

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet med krav om at kommunen tok opp namnesak for sjøkart nr. 16 som Statens kartverk skulle revidera. I dette låg også ei ny vurdering om det var stader der det var naturleg å endra skrivemåten på stadnamn i pakt med lokalt nedarva uttale. I Lov om stadnamn -§4 *Reglar om sskrivemåten*, heiter det at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk".

Dei områda som kjem inn under sjøkart nr. 16 ligg sør og vest på Bokn, og det var difor berre desse områda som me hadde fått pålegg om å ta opp som sak.

Kjem det pålegg om å ta opp namnesak for andre område, må dette sjølvsgåt gjennomførast.

I saksbehandlinga kunngjorde kommunen namnesaka i Bokn bygdablad som går til alle husstandane i kommunen. Her vart eksisterande namn, namnekonsulenttenesta sine forslag og Bokn kommune sine forslag framlagde. Det vart sett frist for å koma med merknader. Det kom inn to merknader som vart nøyne vurdert, og desse fylgte saka som vedlegg heilt til kommunestyrebehandlinga.

Ting tar tid. Bokn kommunestyre gjorde sitt vedtak sommaren 1993, og saka gjekk til Namnekonsulenttenesta for Vestlandet og ligg nå hos Statens kartverk klar til vedtak. Dei seier imidlertid at dei er underbemannet, og at det vil ta tid før kommunen vil få saka tilbake for ev. merknader.

Når det gjeld brevskrivaren sine tankar om stednamnet Foresvik, meiner eg det blir feil å innføra eit namn nr. 2 ("Vigjå" i lokal uttale) for kommunenesenteret. Det må halda med eitt namn.

Det er veldig positivt at fleire lesarar har kome med innlegg dei siste månadene. Fleire fortel at dei kunne tenkja seg å skriva om ymse ting, men det blir ofte med tanken. Andre seier at dei ikkje får ting ned på papiret, eller er redde for at språket ikkje er godt nok. Slike tankar må ein leggja bak seg, og gi uttrykk for meiningsane sine i bladet dersom ein ynskjer det. Om så er, kan ein ringja til kulturkontoret for å lesa inn eit innlegg som ein vil ha med i bygdabladet. Me er ikkje journalistar nokon av oss, men me gjer det beste ut av det.

Innlegga denne gong skulle også vera eit godt døme på at det ikkje er noko i vegen for å skriva på dialekt, eller bruka din personlege uttrykksform. Det viktigaste er at meiningsa di kjem fram. Som tidlegare sagt treng du ikkje skriva namnet ditt under viss du ikkje vil. Kommunen vil også, når dette er nødvendig, koma med informasjon for å oppklara ulike saker som lesarar har peikt på i sine innlegg. Opne spørsmål til kommunen utan fullt namn under, blir ikkje besvart. Viss du ynskjer svar på eit brev, må du senda det direkte til kommunen, eller skriva fullt namn under i bygdabladet.

- redaktøren -



## BYGDATRYKKLEIK

vett du ett  
om meg  
og eg hitt  
om deg,  
vett du og eg  
atte me vett  
ett og hitt  
om kvarandre

du og eg vett  
støtt ettkvarrt  
om ennkunn,  
kvar og ein ha sitt  
som noken og kvar vett  
litt om -  
me ha støtt litt  
på kvarandre

Ingvar Moe




**BIBLIOTEKET**

**YNSKJER**

**SMÅ OG STORE**

**GOD SOMMAR**

**Biblioteket er stengt  
i tida 01.07. - 05.08**



PRESSEMELDING FRA HAUGALAND FORSØKSRING TLF 52725546

LANDBRUKSKONTORA I TYSVÆR OG BOKN TLF 52770500,  
SVEIO TLF 52740100, KARMØY, BOKN OG UTSIRA TLF 52857500

## SISTE INNSPUTR FOR Å TA "SPRØYTE-SERTEFIKAT"

Fra 1.juli 1997, må alle som brukar kjemiske plantevernmiddel i yrkes-samanhang, ha eit sertefikat. For å få sertefifikatet må ein følga eit 3 dagars-kurs og klara eksamen etterpå. Dei fleste som ønsker det har gått på kurs, men ein veit at det ennå står igjen ein del. Det er planlagt regionale oppsamlingskurs til hausten. **Dei som vil ta kurs i haust, bør allereie nå meldt seg interessert slik at ein får oversikt over kor mange kurs ein skal arrangera.** Ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen eller forsøksringen. Dei som har vanskar med å møta på dagtid kan oppgi at dei ønsker kveldskurs. Ein treng ikkje ta kurset i eigen kommune.

Det har blitt arrangert kurs dei siste 3-4 åra over heile landet. Alle bønder, gartnarar, avløysarar, kommunalt tilsette, tilsette i vegvesen m.fl. som bruker kjemiske plantevernmiddel i sitt arbeid må ha kurs. I tillegg må ansvarleg hjå forhandlar ha sertefifikat. I Rogaland har rundt 4500 fått sertefifikat, hovedtyngda av desse er bønder, men over 10 % er forhandlar, kommunalt tilsette o.l. I Rogaland er det tilsaman 6500 aktive bønder (som søker produksjonstillegg). Ein del har valgt å ikkje ta kurs anten fordi dei ikkje vil bruk kjemiske plantevernmiddel, eller fordi dei får andre til å gjera sprøytearbeidet.

"Pensum" er likt på kurs rundt om i landet og det same om gras, eple eller tomat er hovudkulturen. Ein del av pensum har difor blitt litt teoretisk for enkelte. I gjennomsnitt har litt over 10% strøke på eksamen, og dei færreste klarer det utan å lesa i tillegg til kurset. Likevel er det mange som har vore positive til kursa og har sagt at dei har hatt personleg utbytte. Her i området der grasdyrking dominerer, er bruken av plantevernmiddel liten. Dei aller fleste bønder ser på bruk av kjemiske plantevernmiddel som eit "nødvendig onde" i drifta. Mange, særleg bland fruktdyrkarane, har opparbeida ein imponerande kunnskap om nyttedyra som finst i naturen og bruk av kjemiske middel har blitt svært redusert i norske frukthagar og veksthus.

Hobbydyrkaren får nå eit kun eit lite utval av dei minst giftige kjemiske middel enn før og dei blir selde i spesielle hobbypakningar. I småhagane finn ein nok enkelte som er altfor "raske på avtrekken" i kampen mot lus og anna utøy. Sjølv om desse kursa ikkje har vore åpne for hobby-dyrkarar, er det òg for denne gruppa behov for meir kunnskap om samspelet i naturen og risiko både for eigen del og naturen ved bruk av kjemikalier.

Haugesund 26.5.97

Annlaug Fludal, ringleiar Haugaland forsøksring

## BOKNAR I FULL FART

Trond Lindanger sette under Lillehammer-leikane 29. juni ny byrekord for Haugesund på 400-meter med tida 49.11. Den raske boknaren, som for tida studerer i Trondheim, men som representerer Haugesund idrettslag, sette også i dei same leikane ny personleg rekord på 100-meter med tida 10.69, som heldt til 4. plass i A-finale.

Han som hadde den gamle byrekorden på 400-meter i Haugesund, Jan Chr.

Torvestad, tok rekorden tilbake 2. juli i Stavanger på tida 48.27. Men, kven veit, når dette blir lese er det kanskje Trond som har rekorden igjen.....

## BOKN SANITETSFORENING

vil takka alle boknarane som tok lodd på basaren 4. juni! Det kom inn kr. 34.000,-

Foreninga vil samtidig minna om at bilsetene for barn får ein hjå leiar Inger Synnøve Bokneberg.



**TORANESET  
RENOVASJONSSELSKAP**

BOKN



ETNE



TYSVÆR



VINDAFJORD



ØLEN



**INFORMERER**

## HØYRING OM NYE RENOVASJONSFORSKRIFTER

Det er laga framlegg til nye renovasjonsforskrifter for kommunane Bokn, Etne, Tysvær, Vindafjord og Ølen. Forskriftene er heimla i Forureiningslova, og omhandlar sortering, innsamling og sluttbehandling av ulike typar avfall.

I samsvar med § 37 i forvaltningslova blir brukarane med dette førehandsvarsla om dei nye renovasjonsforskriftene, og gitt høve til å uttala seg, før forskriftene blir endeleg vedtatt i kommunestyra.

Alle som blir berørt av dei nye renovasjonsforskriftene kan gi uttale. Uttale må vera skriftleg og skal sendast Toraneset Renovasjonsselskap. Uttalefristen er sett til 1. oktober 1997.

Du kan få framlegget til nye renovasjonsforskrifter tilsendt ved å venda deg til Toraneset Renovasjonsselskap.

**TORANESET RENOVASJONSSELSKAP, 5574 SKJOLD**  
**tlf 53762474 - faks 53762627**

# DEKK

EINAR VÅGE BILSERVICE selger nå ut dekklageret til reduserte priser:

ANTALL	MERKE	DIMENSJON	PRIS PR. STK.
4	ROADSTONE	155R12	325,-
4	ROADSTONE	145R13	297,-
2	CHAMPIRO	155R13	280,-
4	MARSHALL	155R13	311,-
4	ROADSTONE	165R13	337,-
4	ROADSTONE	175R13	390,-
4	DEBICA	165/70R13	331,-
4	ROADSTONE	165/70R13	359,-
4	ROADSTONE	175/70R13	380,-
4	ROADSTONE	185/70R13	426,-
4	ROADSTONE	175R14	414,-
4	ROADSTONE	185R14	447,-
8	DEBICA	175/70R14	397,-
4	ROADSTONE	175/0R14	445,-
4	ROADSTONE	185/70R14	460,-
4	MARSHALL	195/70R14	500,-
4	ROADSTONE	195/60R14	578,-
12	ROADSTONE VAREBILDEKK	185R14C8	554,-
4	ROADSTONE	195/60R15	632,-
2	RECHNIC REGUMIERT	195/50R15	470,-

PRISER INKL. OMLEGGING/AVBALANSIERING/MONTERING PÅ  
BIL/MILJØAVGIFT OG MOMS.

SKAFFER ELLERS ALLE DIMENSJONER DEKK I ROADSTONE TIL  
30% AVSLAG

EINAR VÅGE , TLF. VERKSTED 52 74 84 01 - MOBIL 94 61 20 03

BOKN  
KOMMUNE



## TIMEAVTALE VED KOMMUNALE KONTOR

For å yta deg best mogleg service må  
me be deg om å avtala tid på førehand  
for samtalar på dei ulike kommunale  
kontora. Vennligst henvend deg i  
ekspedisjonen.

Rådmannen

### FOTTERAPI

Kvar fredag. Påmelding i  
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

Stengt i veke 31, 32 og 33 p.g.a. ferie  
Etter ferien blir det fotterapi på  
fredagar, oppstart 22.8

### HELESESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.  
Marie Løvoll Faye  
helsesøster

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun  
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

### BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00

Bokn fysioterapi har stengt i juni og  
juli p.g.a permisjon og ferie-  
avvikling.

### PRAKTIKANT LEDIG

Tlf. 52 74 83 61

### SYKKELSETE

Pent brukte sykkelsete til barn ønskes  
kjøpt. Tlf. 52 74 85 19 - 90 92 16 69

## TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy  
51 72 32 87                    94 67 08 73

## BOKN BYGDABLAÐ

### • UTGJEVAR

Bokn kommune

4290 BOKN

Tlf 52 74 85 00

Fax 52 74 86 90

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

### • BYGDABLAÐNEMND

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestad

### • REDAKTØR

Jardar Havikbotn

### • ABONNEMENT

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds kr. 100,- pr. år

### • ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 300,-

Halvside kr. 150,-

Kvartside kr. 75,-

1/8 side kr. 50,-

Små privata. kr. 10,-

Fastannonse etter avtale

### • FORSIDE

Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm  
frå Vikingtid ( 900 - 950 e.Kr. )

### • FRIST FOR STOFF

Stoff til bearbeidning, den 15. i kvar  
mnd.

Småannonsar og enkle notat, den 20. i  
kvar mnd.

## ADRESSEETIKETT

Avs.  
BOKN KOMMUNE  
4290 BOKN  
Tlf 52 74 85 00  
Fax 52 74 86 90

## KULTURKALENDEREN

### JULI

- 12.: Sommarmarknad på kaien i Alvestadkroken  
26.: Sjøfiskekonkurranse, sjøhusfest om kvelden m/Johannes Kleppevik - arr. Bokn idrettslag

### AUGUST

*Speidartroppen* dreg på kanotur/leir til Søraustlandet i veke 33


- 03.: Ridning på Ognøy 1. sundag i mnd., arr. BORK  
09.: Dans på Plattingen, arr. DRTT  
10.: Songmøte, Bokn bedehus kl. 1900  
17.: Open gard, arr. Bokn bondelag  
17.: Frelsesarméen, møte kl. 1900 - bedehuset  
18.: Skulestart, Bokn skule kl. 08.25  
19.: Oppstart for ulvunger og meisar  
22.: Oppstart, Petra Fritidsklubb. Klubbkveldar kvar fredag kl. 20.00 - 23.30 og anna kvar onsdag kl. 18.30- 21.30, m.a. diskotek, biljard, dart og bordtennis  
24.: Distanseritt, arr. BORK  
26.: Oppstart barnetrim, 3-6 år kl.

16.00 - 16.45, 7-10 år kl. 16.45 - 17.30

- 26.: Oppstart for speidarane - troppsmøte på Kjeøy  
28.: Bokn Pensionistforening, Allrommet kl. 17.30. Møte siste torsdag i kvar mnd. t.o.m. november  
31.: NMS-fest kl. 1900, Bokn bedehus

### SEPTEMBER

- 04.: Bingo, Bokn musikkorps  
06/07.: Førpatruljetur/haik saman med Tysværåg  
07.: Norgesmarsj for kreftsaken, arr. Bokn idrettslag



### JULI

- 13.: Gudsteneste kl. 19.00, HOW

### AUGUST

- 03.: Gudsteneste kl. 11.00, AA  
24.: Gudsteneste kl. 11.00, AA

### SEPTEMBER

- 07.: Gudsteneste kl. 11.00, AA